



Kan Børnes bli sentral ferjeanløpsstad?

**Tore Vevik (Transportkompaniet Vevik AS) har no sendt eit forslag til næringskomiteen i kommunen om å vurdera Børnes i Uskedalen som framtidig anløpsstad for ferje mot Bergen via Halhjem/Os. Han viser mellom anna til planane for motorveg/togbane mellom Os og Bergen og om cargohavn i Os for Bergen og omland.**

Vevik viser til den framtidige Jondalstunnelen som vil bli nytta for trafikk til ferjesambandet Jondal/Tørvikbygd i den indre delen av Hardanger. Vevik meiner at ein kan redusera til ei ferje mellom Løfallstrand og Gjermundshamn og la denne gå innom Varaldsøy på kvar tur. Årsnes kan skrinleggjast som ferjestø og ein kan satsa på god industri der.

Mellom Ranavik og Skjersholmene kan ein redusera til ei hurtigferje og ein bør opprusta vegen via Utåker med betre veg- og ferjetilbod, også med tanke på tunnelen mellom Skånevik og Etne.

Vevik viser til at satsing på Børnes vil gje den kortaste ruta til Tysnes fra Børnes ved ein eventuell landfast kystveg for øya Stord. Hvis kyststamvegen kjem vil vi få kortaste veg Børnes-Lukksund med veg til Bergen.

Han meiner at Børnes som sentralt ferjeanløpsstad retta mot regionen Os/Flesland/Bergen vil gje store gevinstar i konkurransen for verksemdene i Kvinnherad i framtida. Det vil også bli større miljøgevinstar med tanke på omreiseing fram og attende på land og sjø – også kalla øyhopping.

Vevik antar at ei hurtigferje vil bruka ein time frå Børnes til Halhjem medan kjøredistansen både frå Skeishagen/Rosendal og Reset/Sunde til Børnes er rundt 14 minuttar.

Av Ola Matti Mathisen